



Suldal sokneråd

Dato: 26.10.2015

Vår ref: 15/802 - 15 MSAN (15/39581)

Dykkar ref:

Svar på søknad om godkjenning av lokal grunnordning for Suldal

Stavanger biskop takkar for søknaden frå Suldal sokneråd om godkjenning av lokal grunnordning for gudstenestene i Suldal sokn.

I nesten 2000 år har den kristne kyrkja feira gudstenester – og dei siste 1000 år óg i vårt land. Arbeidet med å bringa evangeliet ut til nye generasjonar er den viktigste oppgåva til kyrkja vår, enten det skjer gjennom gudstenesta, song- og musikkarbeid, trusopplæring, misjon eller diakoni. Derfor er det viktig at alle desse elementa er med på å forme gudstenestelivet – og at gudstenesta famnar alle.

Stavanger biskop takkar for eit grundig og godt arbeid med lokal grunnordning i Suldal sokn. Biskopen har særleg merka seg at:

- Kyrkjelydane i Suldal kommune har jobba godt for å få ei felles grunnordning for alle fire sokna og dei seks preikestadene i kommunen. Det er ein fordel både for dei to prestane, for kantoren og ikkje minst for kyrkjelydane sjølve. Dette er eit førebilde for andre kyrkjelydar og sokn.
- Den liturgiske musikken inneheld få, men velprøvde alternativ. I søknaden vekslar de mellom Tore W. Aas og Allmenn serie på nokre ledd kvar. I det vidare arbeidet bør ein søkje å finna eit alternativ på nokre av disse ledda for å få variasjon.

Lokal grunnordning for Suldal sokn vert godkjent og vert med dette gjort gjeldande frå 1. søndag i advent 2015.

Då det ikkje er planlagt ei ny runde med godkjenning av lokale grunnordningar for alle kyrkjelydar, er denne godkjenninga å forstå som endeleg.

Biskopen vil understreka at det liturgiske arbeid er ein kontinuerleg prosess samstundes som vi óg skal halda i dei lange linjene. Kyrkjelydane vert derfor oppmoda til å arbeida vidare med å forbetra gudstenesta innanfor det rom som denne godkjenninga gjer. Ved behov for større endringar må søknad sendast biskopen.

Biskopen ønsker konkret å gje Suldal kyrkjelyd nokre utfordringar til vidare arbeid.

- Trusopplæring, misjon, diakoni, inkludering og musikk er viktige område for ei kvar gudsteneste. Biskopen vil oppmoda til at det lokalt vert laga ein plan eller eit årshjul som kan gi tryggleik for korleis alle disse områda kan prega gudstenestelivet generelt.

Med ynskje om Guds signing over innføringa av den nye ordninga.

Med helsing



Erling J. Pettersen
biskop

Morten Sandland
avdelingsleder menighetsutvikling

Kopi til:
Prost
Sokneprest

Mottakere:
Suldal sokneråd